



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

07.12.2021

Vår ref:

2021/16218

Dykkar dato:

12.11.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 215/68 - Eidsnes ytre - rehabilitering og utviding av kaifront - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 11.11.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona for løyve til etablering av kai på 17 meter. Tiltakshavar opplyser at det tidlegare har vore kai der og at delar av kaia har rast ut, og som dei no ynskjer å fikse, samt forlenge med 4 meter. Forleninga vil medføre at ei smal grunne vert fylt med sprengstein.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 er definert som LNFR-føremål.

Eigedomen ligg innanfor omsynssone H560_oN114 – bevaring og naturmiljø, yngle- og rastområde ande/spurvefugler, og H530_oF06 friluftsliv.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispenseert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjoner, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Tidlegare Lindås kommune ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, der arealpresset er stort. Vi viser til Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) der det mellom anna står:

«Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsoneforvaltning. Det er derfor nødvendig med en



streng praksis ved behandlingen av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress»

Området har store verdiar for både friluftsliv og naturmangfald. Det er lite ynskjeleg med tiltak som kan auka privatisering, forringe friluftsoppleveling eller påverke naturmangfaldet negativt. Området er til dels privatisert med fritidsbustad og hage, men vi vurderer likevel at ein rehabilitering og utviding av kaia vil auke privatiseringa i området. Dette er uheldig. Fritidsbustaden har flytebrygge nordaust for fritidsbustaden, og vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med fleire brygger.

Vi ber kommunen gjere ei grundig vurdering av tiltakets verknad for landskap, privatisering og naturmangfald.

Statsforvaltaren rår ifrå utviding av kaien, og vurderer i utgangspunktet at ein eventuell rehabilitering må vere så avgrensa som mogleg.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN